

## NOTAT

**GÅR TIL:** Helse Vest  
**FØRETAK:** Helse Førde HF  
**DATO:** 20.10.2022  
**FRÅ:** Kompetanse og utdanning, Helse Førde  
**SAKA GJELD:** Status lærlingar

### Oppsummering

Pr oktober 2022 har Helse Førde 25 lærlingar innan 5 fagområde. Føretaket tek imot helsefaglærlingar etter den planen som vart lagt i 2018. Opptak av lærlingar er relativt stabilt, men på grunn av at nokre avsluttar eller tek permisjon vil tal lærlingar likevel variere.

### Fakta

Helse Førde har eigne lærlingar innan følgjande fagområde:

- Ambulanse
- Kokk
- Portør
- Helsefag
- Kontorfag (Yrkes- og studiekompetanse (YSK)/kandidat innan kontorfaget)

I tillegg tek føretaket imot lærlingar frå kommunane for praksis i føretaket. Dette gjeld helsefaglærlingar.

### Tal lærlingar i Helse Førde pr oktober 2022:

#### TOTALOVERSIKT ANTAL LÆRLINGAR I HELSE FØRDE

ÅRSTAL	ANTAL LÆRLINGAR
HAUST 2022	25
VÅR 2022	26
HAUST 2021	25
VÅR 2021	26
2020	30
2019	24
2018	24

## Oversyn over lærlingar og avlagde fagprøver i Helse Førde 2018 - 2022

Tabellen under syner status no og utviklinga frå 2018.

Fag	Årstal	Antal oppmeld til fagprøve
<b>Ambulanse</b>	<b>2022</b>	6
	2021	6
	2020	10
	2019	16
	2018	19
<b>Kokk</b>	<b>2022</b>	0
	2021	0
	2020	1(+1 kompetansebevis)
	2019	0 (+1 kompetansebevis)
	2018	1
<b>Portør</b>	<b>2022</b>	1
	2021	1
	2020	0
<b>Helsefag</b>	<b>2022</b>	1
	2021	3
	2020	0
<b>Kontorfag</b>	<b>2022</b>	1
	2021	0
	2020	0

### Status for det siste halvåret:

- **Ambulanse:** 9 ambulanse-lærlingar. 6 av lærlingane skal ta fagprøve våren/hausten 2022.
- **Kokk:** 2 lærlingar. 1 oppstart januar 2021, 1 august 2021.
- **Portør:** 1 lærling, starta i august 2021.
- **Helsefaglærlingar:** 12 lærlingar. 1 lærling er meldt opp til fagprøve november 2022. 1 lærling er i svangerskapspermisjon til november 2022. 6 lærlingstillingar var utlyst i vår 2022. Vi opplevde eit fall i søkartalet, og dette er samanfallande med resten av landet. Tilsett i alle stillingane, men ein takka nei,

- **Lærling kontorlag:** 1 YSK-kandidat innan kontorlaget. Dette er eit fireårig løp der kandidaten oppnår både fagkompetanse/fagbrev og studiespesialisering. Dei to første åra er kandidaten på jobb 1 og 2 dagar og har status som elev. Starta som lærling i august 2021. Er på jobb 3 dagar og skule 2 dagar.

## Kommentarar

Det er jamt opptak av 6 lærlingar årleg i ambulanse og helsefag, 1 på portør og 0/1 på kokk  
Alle lærekandidatar som vart oppmeld til fagprøve har bestått med resultat bestått eller bestått mykje godt.

Styringsdokumentet legg føringar for at helseføretaka legg til rette for å ta i mot lærlingar innan fagområde som er viktige for drift av sjukehus og aukar tal helsefaglærlingar frå 2021 til 2022. Arbeidet med korleis auke tal helsefaglærlingar i Helse Førde er under utarbeiding.